

Tillegg:

Plante- og dyrenamn i dei andre Krokann-bøkene

Krokann skreiv uhorveleg mange artiklar, innlegg og dikt i aviser, blad og tidsskrift. Ein bibliografi der det meste gjeld slik produksjon, fyller 25 store boksider (Bjørkum 1993). Det er truleg mange plante- og dyrenamn i desse tungt tilgjengelege tekstene. Men det som finst i bøkene kan ein lettare lesa seg til; i alt er det 104 hovudnamn (80 heimlege og 24 utanlandske) på plantar og 95 på dyr der. Rundt 60% av plantenamna og 75% av dyrenamna er med i Dovresno-bøkene. Men dermed blir det også mange nye. Grunnane til dette er sjølvinnlysande; desse bøkene dekkjer tida frå 1814 til 1959; grunnleggjande nye og endra miljø er skildra, og det er kome eit vell av nye produkt; eit godt døme er dei mange utanlandske plantane som kom i bruk etter at tida for Dovresno-bøkene (1450-1700) var over.

Oppsettet nedanfor er ein kombinasjon av bok- og samlelistene, slik at alle sidetala står direkte bak boknamnet. Med få registreringar ser det bra ut, med mange blir det meir uoversiktleg. Ein del dikt frå Dovresno-bøkene og andre romanar er også med i *Dikt* (Krokann 1947a) og *Av Inge Krokann* (1993), men namna derifrå er likevel med her, med kursiverte sidetal. I *Dikt* og *Av Inge Krokann* har nokre plantar og dyr i bokstaveleg meining tittelrolla, og desse dikta har fått ein kommentar. På hundreårskassetten (Krokann 1992) les og syng forfattaren eigne dikt [ei stor oppleving!], og Ole Hermod Henriksen syng Sparre Olsen-tonar til Krokann-dikt; dei som særleg handlar om plantar og dyr er trekte fram. Men elles får dette tillegget stå ukommentert.

Her følgjer først og fremst eit oversyn over alle nye hovud- og undergruppenamn i samtidsromanane (*Blodrøter* 1936, *Ut av skuggen* 1949, *Hammarslaga* 1959),

dikta (*Dikt* 1947a, *Oppdal – Bøgda mi* 1951, *Av Inge Krokann* 1993), dei historiske avhandlingane (*Då bøndene reiste seg* 1937, *Det store hamskiftet i bondesamfunnet* 1942/1976) og ein diktarbiografi (*Olav Aukrust* 1933/1944, frårekna dei mange Aukrust-sitata – som elles har to ubruka hovudnamn: hoggorm s. 28 [: –reir] og spy-flugu s. 27). Nedanfor er titlane siterte kronologisk. Det er 45 nye hovudnamn og 30 nye undergruppenamn for plantar, og 25 nye hovudnamn og 34 nye undergruppenamn for dyr. Etter plante- og dyregruppene står dei nye hovud- og undergruppenamna opplista.

I tillegg er alle sjeldne og mindre vanlege namn frå Dovresno-bøkene méd med alle registreringane (dei på <10 sider). Hesten har rekordmange førekomstar i Dovresno-bøkene, der heile 16 nemningar for ulike hestslag vert bruka. Dette talet blir auka i resten av bøkene, med 13 av nemningane frå Dovresno-bøkene pluss 5 nye: ■>arabar ■>fjording ■>hingst ■>hoppe ■>vallak – i alt 18 nemningar. Dei tri som manglar frå Dovresno-bøkene er linfeksing, sote og vettring, så til saman er det funne 22 nemningar (medrekna hest) for arten *Equus caballus* i alle Krokann-bøkene. Fordi hesten er så viktig og interessant hos Krokann, er alle registreringane for hest også med her. Sauen er den som har nest flest nemningar i alle bøkene, i alt ti: sau ■>får ■>lamb ■>risbit ■>sjedde ■>smale ■>søye ■>tikse (tikke, tacka) ■>vedde ■>vêr.

Nokre hovudnamn med relativt mange førekomstar er med fordi dei er spesielle. Men nokre få hovudnamn (med alle undergruppene), og delar av mange hovudnamn med mange til svært mange registreringar, er utelatne. Når nokre av undergruppene er med, står utelatne undergrupper i parentes; ’÷’ tyder at det som gjeld